



# Handlingsprogram 2016-2018

Regional plan for vassforvaltning i  
**Sogn og Fjordane vassregion**  
(2016-2021)

Til politisk  
behandling i  
Fylkesutval og  
Fylkesting



Sogn og Fjordane vassregion



SOGN OG FJORDANE  
FYLKESKOMMUNE

## **Handlingsprogram 2016-2018**

**til**

**Regional plan for vassforvaltning 2016-2021**

**Sogn og Fjordane vassregion**

Utkast til politisk handsaming november – desember 2015.

## Omtale av Regional plan for vassforvaltning

Regional plan for vassforvaltning for Sogn og Fjordane vassregion skal til handsaming og vedtak i fylkestinga for Sogn og Fjordane, Hordaland, Møre og Romsdal, Buskerud og Oppland i desember 2015. Planen og vedtaka vert sendt over til Klima- og miljødepartementet for godkjenning.

Planen er utarbeidd i tråd med *Forskrift om rammer for vannforvaltningen (vassforskrifta)*. Forskrifta er ei implementering av vassdirektivet til EU.

Regional plan for vassforvaltning vert vedteke som ein regional plan etter plan- og bygningslova § 8-4 med dei særreglar som følgjer av vassforskrifta.

Planen fastset miljømål og viser korleis vi ynskjer å forvalte vassmiljøet og vassressursane i eit langsiktig perspektiv. Det generelle miljømålet er minimum god miljøtilstand for vassførekostane innan 2021. Planen er eit sentralt verkty for heilskapleg vern og berekraftig bruk av vatnet. Dette skal skje gjennom:

- Ei heilskapleg vassforvalting på tvers av sektorar og forvaltningsnivå, med god medverknad frå allmenne interesser
- At ansvarlege kommunar, fylkeskommunar og sektormyndigheter følgjer opp forvaltingsplanen og tiltaksprogrammet gjennom eigne planar og vedtak etter eige sektorlovverk
- Å unngå forverring av miljøstanden i vassdrag og kystvatn
- Å oppfylle miljømål og gjennomføre miljøforbetrande tiltak slik det vert fastsett for den enkelte innsjø-, elv- og kystvassførekost.

For å nå miljømåla i forvaltningsplanen, er det utarbeidd eit regionalt tiltaksprogram som konkretiserer moglege tiltak for å førebyggje, forbrette og/eller retta opp att miljøtilstanden der det er naudsynt. Tiltaksprogrammet skal rullerast kvart 6. år.

Regional plan for Sogn og Fjordane vassregion 2016-2021 er den første av i alt tre planrundar. Planen skal rullerast kvart 6. år. Tredje planrunde vert avslutta i 2033.

## Handlingsprogrammet

I høve til Plan- og bygningslova § 8-1, skal alle regionale planar ha eit handlingsprogram. Fylkestinget vedtek handlingsprogrammet som ein del av den regionale planen. Fylkestinget har òg ansvar for å rullere handlingsprogrammet. Ved rullering av handlingsprogrammet vert inngåtte avtalar med andre regionale og kommunale aktørar om gjennomføringa av planen, fornya.

Handlingsprogrammet koordinerer prosessen med å nå miljømåla i planen. Programmet viser kva for oppfølging planen krev og peikar ut ansvarleg organ og samarbeidspartnarar for å få gjennomført planen. Handlingsprogrammet er avgrensa til sjølvé planprosessen for å sikre framdrift og samhandling omkring konkrete tiltak. Programmet gjev ei overordna oversikt over kven som har ansvar for dei vesentlege oppgåvene for å nå miljømåla, og for tiltaka i regional plan og regionalt tiltaksprogram.

Det ha ikkje vore mogleg å gi ei oversikt over trond for ressursar for den enkelte sektorstyresmakt. Det er ingen som får tildelt nye roller eller oppgåver. Alle

sektorstyresmaktar må sette av tid og resursar innafor respektive ansvarsområde og kople dette mot eigne budsjett og økonomiplanar.

Arbeidsfordelinga kjem fram av tabellen på side 4 til 6. Oppgåvene er ikkje lista etter prioritert rekkefølge. Handlingsprogrammet vert rullert årleg.

Handlingsprogrammet er vist i tabell nedanfor, delt inn etter 4 hovudoppgåver:

- A) Iverksetting av *Regional plan for vassforvaltning for Sogn og Fjordane Vassregion*
- B) Drift av vassregionen
- C) Drift av vassområda
- D) Rullere forvaltningsplan for 2. planfase (2022-2027)

Handlingsprogrammet følgjer planen som eige vedlegg.

## Tilskotsordningar knytt til vassforskrifta og regional plan

Fleire av direktorata har tilskotsordningar som kan være aktuelle for å søke finansiering av overvaking og tiltaksgjennomføring m.m. Desse ordningane vil kunne bli endra frå år til år og det er difor ikkje føremålstenleg å gje ei samla oversikt då den fort blir utdatert.



Nordfjord vassområdeutval, lokal referansegruppe og interesserte, på synfaring i Hildeelva 6. juni 2013.

| <b>Handlingsprogram for Regional plan for vassforvaltning Sogn og Fjordane vassregion 2016-2021</b>                               |  |  |  |                  |                  |                  |
|---|--|--|--|------------------|------------------|------------------|
| Ordforklaringer:<br>Vassområde = vassområde ved prosjektleiar<br>Alle: Fylkeskommunar, Fylkesmenn,<br>Sektortyresmaktar, kommunar |  | Hovudansvar  | Medverkande  | 2<br>0<br>1<br>6 | 2<br>0<br>1<br>7 | 2<br>0<br>1<br>8 |
| <b>Oppgåve</b>  |  |  |  |                  |                  |                  |
| <b>A) Iverksetting av Regional plan for vassforvaltning for Sogn og Fjordane Vassregion</b>                                       |  |  |  |                  |                  |                  |
| Aktivitet 1   | Implementere regional plan i kommunale og fylkeskommunale planar   | Kommunar<br>Fylkeskommune  |  | x                | x                | x                |
| Aktivitet 2   | Legge regional plan til grunn for eigen verksemد   | Sektorstyresmaktar<br>Fylkeskommune<br>Kommunar                                |  | x                | x                | x                |
| Aktivitet 3   | Gjenomføre tiltaksprogram  | Sektorstyresmaktar<br>Fylkeskommune<br>Kommunar                                |  | x                | x                | x                |
| Aktivitet 4   | Gjennomføre regionalt overvakingsprogram. Etablere stasjonsnett for problemkartlegging og tiltaksovervaking  | Fylkesmannen   | Kommunar<br>Fylkeskommune<br>Vassområde-utval<br>aktuelle<br>sektorstyres-<br>maktar<br>ureinrarar | x                | x                | x                |
| Aktivitet 5   | Rapportere til vassregionmynda når formålet til planen og prioriteringar ikkje vert fylgt  | Sektorstyresmakter<br>Fylkeskommune<br>Kommunar                                |  | x                | x                | x                |
| Aktivitet 6   | Kontinuerleg oppdatering i vann-nett om gjennomførte tiltak, miljøtilstand, karakterisering  | Vassregion-mynda<br>Fylkesmannen<br>(fagansvar)                                | Fylkesmannen<br>Fylkeskommune<br>Vassområde<br>Sektorstyres-<br>makter Kommunar                    | x                | x                | x                |
| Aktivitet 7   | Årleg oppsummering av tiltaksstatus på bakgrunn av datagrunnlag i Vann-nett.   | Vassregionmynda  | Alle   | x                | x                | x                |
| Aktivitet 8   | Rapportgrunnlag til Miljødirektoratet for vidare rapportering til ESA, frist til ESA 31.03.16:<br>- Regional plan for vassforvaltning 2016-2021 (dokument og elektronisk frå Vann-nett)<br>- Rapportere oppnådd miljømål i Regional plan for vassforvaltning godkjent i 2010 (2010-2015) (gjeld Stryn) | Vassregionmynda  | Kommunar<br>Vassområde<br>Fylkeskommune<br>Fylkesmannen<br>Sektorstyres-<br>maktar                 | x                |                  |                  |
| Aktivitet 9   | Rapportering frå alle til VRM om venta status for igangsetting av tiltak i tiltaksprogrammet ved utgongen av 2018. Frist 1.7.18  | Kommunar<br>Vassområde<br>Fylkeskommune<br>Fylkesmannen<br>Sektorstyres-maktar |  |                  |                  | x                |
| Aktivitet 10  | Rapportering frå VRM til Miljødirektoratet om status for igangsetting av tiltak i tiltaksprogrammet ved utgongen av 2018. Frist 1.10.18.   | Vassregion-mynda   |  |                  |                  | x                |
| Aktivitet 11  | Klargjering av eksisterande økonomiske og juridiske verkemidlar og kontinuerleg vurdering av trøng for nye verkemidlar   | Vassregion-mynda   | Fylkesmannen<br>Miljø-direktoratet<br>Sektorstyres-<br>makter                                      | x                | x                | x                |
| Aktivitet 12  | Skaffe betre grunnlag for utrekning av kostnader, effektar og nytte og dermed prioritering av tiltak   | Vassregion-mynda   | Fylkesmannen<br>Kommunar<br>Vassområde<br>Sektorstyres-<br>makter                                  | x                | x                | x                |

| Aktivitet    | Oppgåve  | Hovudansvar                      | Medverkande   | 2<br>0<br>1<br>6 | 2<br>0<br>1<br>7 | 2<br>0<br>1<br>8 |
|--------------|--|----------------------------------|---|------------------|------------------|------------------|
| Aktivitet 13 | Avhalde møte i arbeidsutvalet og i vassregionutvalet til vassregionen  | Vassregion-mynda                 | Vassregionutval<br>Arbeidsutval   | x                | x                | x                |
| Aktivitet 14 | Halde regional referansegruppe orientert om arbeidet   | Vassregion-mynda                 | Vassregionutval   | x                | x                | x                |
| Aktivitet 15 | Halde møte mellom VRM, FM og VO-leiarar for drøfting av relevante tema, kurs og opplæring  | Vassregion-mynda                 | Fylkeskommune<br>Fylkesmannen<br>Vassområde<br>Regional referansegruppe | x                | x                | x                |
| Aktivitet 16 | Følgje opp vassområda og prosjektleiarane  | Vassregion-mynda                 | Fylkeskommune   | x                | x                | x                |
| Aktivitet 17 | Bidra til regionalt fokus på vatn - samordne med andre aktiviteter   | Vassregion-mynda                 | Fylkeskommune<br>Fylkesmannen<br>Sektor                                 | x                | x                | x                |
| Aktivitet 18 | Formidle arbeidet med oppfølging av den regionale planen og tiltaksprogrammet m.a. oppdatere nettsida for Sogn og Fjordane vassregion, nytte media for formidling og bevissgjering av arbeidet | Vassregion-mynda                 | Alle  | x                | x                | x                |
| Aktivitet 19 | Felles rammeavtale for å hente inn tilbod - overvaking   | Vassregion-mynda<br>Fylkesmannen | Fylkeskommune<br>Fylkesmannen<br>Vassområde                             | x                |                  |                  |
| Aktivitet 20 | Klargjere oppgåver og roller, gjennomgå ansvar og oppgåvefordeling under organisering av vassregionen.<br>Bevisstgjere naudsynt tidsbruk for interne prosessar og politisk handsaming          | Vassregion-mynda                 | Alle  | x                |                  |                  |
| Aktivitet 21 | Halde møte i vassområdeutvala, i dei ulike faggruppene og referansegruppe i vassområda   | Vassområde-utval / Kommunar      | Vassregionmynda<br>Fylkeskommune<br>Fylkesmannen                        | x                | x                | x                |
| Aktivitet 22 | Sørge for medverknad frå allmenne interesser på lokalt nivå  | Vassområde / Kommunar            |   | x                | x                | x                |
| Aktivitet 23 | Utnytte finansieringsordninga til tiltak og overvaking   | Alle                             |   | x                | x                | x                |
| Aktivitet 24 | Bidra til lokal kunnskapsoppbygning og bevisstgjøring, oppdatere og drifta heimesida for vassområdet   | Vassområde                       |   | x                | x                | x                |
| Aktivitet 25 | Årsrapportering til VRM  | Vassområde-utval                 | Vassområde  | x                | x                | x                |

### Oppgåve

#### D) Rullere forvaltningsplan for 2. planfase (2022-2027)

|              |   |                  |                              |   |   |   |
|--------------|---|------------------|------------------------------|---|---|---|
| Aktivitet 26 | Utarbeide utkast til revidert planprogram | Vassregion-mynda | Alle                         | x |   |   |
| Aktivitet 27 | Oppdatere og utvikle tiltaksprogram       | Vassregion mynda | Alle                         | x | x | x |
| Aktivitet 28 | Oppdatere og utvikle overvakingsprogram   | Fylkesmannen     | Alle                         | x | x | x |
| Aktivitet 29 | Oppdatere og utvikle og tiltaksanalyse    | Vassområde-utval | Sektorstyresmakter, Kommunar | x | x | x |